



Kinn kommune

Arkiv: FA-H07
JournalpostID: 21/51904
Sakshandsamar: Jeanette Jensen
Dato: 08.12.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
180/21	Kommunestyret	14.12.2021

Orienteringssak - Reduksjon frå 2 til 1 sentralkjøkken i Kinn kommune

Kommunestyret 14.12.2021:

Handsaming:

Orientering frå administrasjonen.

Ingen røysting.

KOST- 180/21 Vedtak:

Ingen vedtak.

Bakgrunn for saka:

Hausten 2020 engasjerte Kinn kommune Agenda Kaupang til å bistå kommunen med mål om å identifisere moglege innsparingstiltak i organisasjonen.

I samlingar der kommuneleiinga, stabar, tenesteleiarar og tillitsvalde deltok vart rekneskap, styringstal og ulike organisasjonsmodellar presentert og drøfta.

I det vidare delte ein deltakarane inn i gruppe fordelt på område (oppvekst, helse og omsorg, sentraladministrasjon m.m.) der oppdraget var å finne realistiske tiltak som ein meinte ville gi både økonomiske og ressurseffektive innsparingar.

Gruppa Helse og omsorg jobba godt og kom opp med fleire små og store tiltak.

Eit av desse tiltaka var å utrede om det ville gi økonomiske og ressurseffektive innsparingar ved å redusere frå drift av 2 til 1 sentralkjøkken i Kinn kommune.

Saksopplysningar:

For å få ein ekstern vurdering av mogleg innsparing bestilte Kommunedirektøren ei økonomisk analyse (sjå vedlegg PwC 11.3.21) knytt til å organisere kjøkkentenestene i kommunen på ein ny måte.

Det vart i det vidare oppretta eit prosjekt der prosjektgruppe fekk delegert ansvar og mandat for arbeidet med å flytte produksjon og distribusjon av tørrmat og middager frå Måløy til Bordgleder KF Florø.

Status før oppstart av prosjektet:

- Bordglede KF Florø produserar, driftar og leverer tørrmat og middag til institusjon, HDO og heimebuande i Florø delen av Kinn.

I tillegg selger dei tørrmat og middag til eksterne bedrifter og innbyggjarar som ikkje stettar krav til middagslevering frå kommunen

Middag til institusjon og HDO vert varma på institusjon /HDO kjøkken

- Sentralkjøkkenet i Måløy produserer,drifter og leverer tørrmat og middag til institusjon og HDO bustader i Måløy delen av Kinn

Middagane vert levert ut varme dagleg

Praktisk team i Måløy leverer ut middag til heimebuande med vedtak om middagsombringning mandag -fredag. Heimesjukepleien leverer i helgar og på høgtidsdagar.

Vurderingar:

PwC rapporten (vedlegg) syner at:

- Bordglede har ledig kapasitet i drifta til å overta produksjon og drift av kjøkkenet i Måløy utan å auke faste kostnader eller måtte investere i nytt utstyr.
- Bordglede vil ved overtaking redusere dei faste kostnadane pr.produserte måltid
- Potensielle innsparinger på å samle all matproduksjon hos Bordglede KF vil vere om lag 1,8 mill årleg og det er PwC sin vurdering at det vil vere lønnsamt å flytte produksjonen frå Måløy til Florø
- PwC peikar på usikkerheit knytt til varekost, noko som er jobba med i etterkant av rapporten

Prosjektgruppa sin rapport (vedlegg)syner at:

- Det vil med nokre praktiske endringar vere mogleg å redusere drift frå 2-1 sentralkjøkkenet i Kinn.Ombygging utvendig frys til kjøøl ved Vågsøy omsorgssenter (100 000) kjøp av kjøøl/fryseskap Kulatoppen og Skaretun (60 000)
- Det vil ikkje vere behov for å behalde eit mottakskjøkkenet i Måløy da dei oppgåvene som ligg igjen ikkje krev spesiell fagkompetanse og kan overførast til praktisk team som allereie har oppgåve med levering av middag til heimebuande.
- Det vil vere behov for å overføre 0,75 årsverk til praktisk team i høve logistikk/organisering av kjøølerom på Vågsøy omsorgssenter, mottak av vare på Kulatoppen og oppvarming av middager til heimebuande. Det er beregna gjennomsnittleg 3,5 min til oppvarming av middager.
- Noko av tida som vert brukt til oppvarming av mat i brukar sin heim sparar ein inn ved at ein ikkje fyrst må kjøre til sentralkjøkkenet for å hente middagane og i etterkant levere tomme beholderar tilbake til kjøøkkenet

I risikovurdering og kvalitetssikring er det i prosjektet lagt stor vekt på deltaking, involvering, rapportering og informasjon både oppover i organisasjonen til prosjekteigar og nedover i organisasjonen til leiarar,tilsette og tillitsvalde.

Personalavdelinga i Kinn har hatt ansvar for oppfølging og gjennomføring av samtale med den einskilde tilsette og deira ynskje for framtidig arbeidsplass.Alle har fått tilbod og takka ja til nye oppgåve i organisasjonen.

01.12.21 Overtok Bordglede KF drift og produksjon av tørrmat og middager i Måløy delen av Kinn.

Ei skriftleg samarbeidsavtale mellom partane er under utarbeiding og avdelingane i samarbeid med Bordglede har blitt enig om rutine og rutinebeskrivingar i høve bestillingar/avbestilling, levering av spesialkost/diettar,bufferbehov, meny m.m.

Økonomiske konsekvensar:

Direkte rammemessige økonomiske konsekvensar for ansvar (tenester) under «30 Helse,

sosial og omsorg»

Ansvar 3180 Heimeteneste Måløy:

Tenesta har fått redusert driftsramme for 2022 med kr 3.638.086,-
Grunnlaget for denne reduksjonen er budsjett for kjøkken Måløy for 2021:

Art		Funksjon	Budsjett 2021 inkl. endring
10101	Fastløn	23400	1640 700,00
10101	Fastløn	25300	1045 319,00
10207	Andre vikarar	23400	30 000,00
10207	Andre vikarar	25300	30 000,00
10902	Pensjonsutgifter KLP	23400	247 718,00
10902	Pensjonsutgifter KLP	25300	159 497,00
10990	Arbeidsgiveravgift	23400	206 859,00
10990	Arbeidsgiveravgift	25300	134 398,00
11000	Kontormateriell	23400	7 500,00
11001	Abonnement og faglitteratur	23400	1 000,00
11001	Abonnement og faglitteratur	25300	1 000,00
11150	Matvarer	23400	1215 000,00
11150	Matvarer	25300	890 869,00
11201	Anna forbruksmateriell, råvarer og ten	23400	366 226,00
11201	Anna forbruksmateriell, råvarer og ten	25300	190 000,00
11205	Velferdstiltak tilsette/brukarar og gave	23400	1 000,00
11205	Velferdstiltak tilsette/brukarar og gave	25300	1 000,00
11501	Opplæringstiltak tilsette	23400	4 000,00
11501	Opplæringstiltak tilsette	25300	6 000,00
11502	Reiseutgifter og opphold ved kurs/opp	23400	3 000,00
11502	Reiseutgifter og opphold ved kurs/opp	25300	2 000,00
11602	Køyre godtgjering kurs (oppg.pl.)	25300	5 000,00
11702	Vedlikeh./service/rekv./vask/transport	23400	15 000,00
11702	Vedlikeh./service/rekv./vask/transport	25300	15 000,00
11703	Forsikring/årsavgift transportmidler	23400	4 000,00
11703	Forsikring/årsavgift transportmidler	25300	3 000,00
11704	Drivstoff / olje transportmidler	23400	3 000,00
11704	Drivstoff / olje transportmidler	25300	2 000,00
11852	Yrkesskedeforsikring	23400	3 000,00
11852	Yrkesskedeforsikring	25300	2 000,00
12000	Inventar og utstyr	23400	30 000,00
12000	Inventar og utstyr	25300	20 000,00
12101	Leige, operasjonell leasing/kjøp av tra	25300	45 000,00
12406	Vedlikehald inventar og utstyr	23400	6 000,00
12406	Vedlikehald inventar og utstyr	25300	4 000,00
12602	Vaskeritjenester	23400	20 000,00
12602	Vaskeritjenester	25300	15 000,00
12702	Fagkonsulenter	23400	6 000,00
12702	Fagkonsulenter	25300	4 000,00
12703	Bedriftshelsetjenester	23400	2 000,00
12703	Bedriftshelsetjenester	25300	1 000,00
14291	Merverdiavgift med rett til kompensasjon	25300	600 000,00
16001	Brukerbetaling mat	23400	-2 750 000,00
17291	Kompensasjon for mva	25300	-600 000,00
		SUM	3 638 086,00

Men; 450.000,- kroner av dette beløpet skal overførast til ansvar Praktisk team (reinhold). Dette er gjort for å kompensere for ei 75 % stilling som dei har måtte oppbemanne med for å overta oppgaver i samband med nedlegginga av kjøkkenet. Reell rammereduksjon er difor 3.638.086 - 450.000 = 3.188.086

Ansvar 3110 Kulatoppen omsorgsenter:

Som ein direkte konsekvens av nedlegginga av kjøkkenet vil institusjonen no måtte kjøpe maten til bebuarane frå Bordgleder.

Institusjonen har 43 bebuarar, og avtalt pris er kr. 176,98 pr fullkostmåltid.

Reknestykke: 43 bebuarar * 365 døgn * 176,98 døgnpris = 2.777.701,-

Ansvar 3120 Florø omsorgsenter og 3130 Furuhaugane omsorgsenter:

Ved å få leveranse av mat til Måløy vil Bordgleder kunne utnytte ledig kapasitet i

produksjonslinja si.

Det gjer at dei kan levere mat til institusjonane i Florø til ein lågare pris enn før. Fram til no har institusjonane i Florø betalt kr. 230,- pr fullkostmåltid. Ny framforhandla pris er kr. 176,98 pr fullkostmåltid. Det tilsvarar ein prisreduksjon pr pasient pr døgn på kr. 53,02. Vi legg til grunn at begge institusjonane i Florø har 46 pasienter kvar (gjennomsnitt). Totalt 92 pasientar

Reknestykke: $92 \text{ pasientar} * 365 \text{ døgn} * 53,02 = 1.780.411,-$

Oppsummert:

Rammereduksjon ansvar 3180: 3.188.086,-

Rammeauke ansvar 3110: 2.777.701,-

Rammereduksjon 3120/3130: 1.780.411,-

Samla rammereduksjon: 2.190.796,-

Dette talet avvik noko frå det som var presentert i HSO-utvalet i november. Då vart det stipulert ein rammereduksjon på ca 1.7 million kroner. Grunnen til dette avviket er at tidlegare stipulat var basert på rekneskapstal for 2019, i tillegg til at auke i tal pasientar på Florø omsorgsenter (5 pasientar på ny avdeling) påverkar reknestykket i høve lågare pris på matinnkjøp.

Vedlegg i saken:

Prosjektrapport reduksjon fra 2 til 1 sentralkjøkken i Kinn kommune

2til1kjøkken_PWC_Kinn Kommune - Omorganisering av kjøkkentenesta (2)